

## MUSEUMSLØFTET – SØKNAD OM TILSTKOT TIL PRØVEPROSJEKT FOR DRIFT AV MOBILT VARMEKAMMER

Bevaringstenestene søker med dette om kr 800 000 tilskot frå Museumsløftet for å testa ut bruk og drift av varmekammer for skadedyrsanering.

Bevaringstenestene er i prosess med å få bygt eit varmekammer for å få bukt med skadeinsekt i/på museumsgjenstandar. Hordaland fylkeskommune har tidlegare gitt investeringstilskot til dette tiltaket. Kammeret skal byggjast av eit lokalt firma.

Prinsippet bak eit varmekammer er at museumsgjenstandane vert plassert i eit tett og klimakontrollert kammer. Deretter vert lufta varma opp til 50°C, med ei relativ luftfukt (RH) på 50%, og gjenstandane står i dette klimaet i om lag 24 timar. Temperaturen vil da ta livet av vaksne insekt, egg, larver og pupper. Metoden er skånsam mot gjenstandane og er meir økonomisk samanlikna med t.d. frysing, som må føregå over 5 døgn. Varmebehandling skal vera eit supplement til frysemetoden som vert brukt ved Bevaringstenestene sitt anlegg i Salhus.

Eit viktig moment er at kammeret skal vera mobilt; det skal byggjast i ein konteiner slik at det kan fraktast rundt til musea. Tanken er at kammeret så skal stå ein periode ved det enkelte museet slik at ein får behandla heile magasinet eller eit rom under eitt, då det er lite formålstenleg å setja behandla gjenstandar tilbake i eit lokale der det er mistanke om aktive skadedyr. Det må difor gjerast ein del arbeid lokalt i museet: alle gjenstandar i eit rom må takast ut, magasinet/rommet vert reingjort og får ei betre organisering dersom dette er naudsynt. Når magasinet vert tømt bør museet også nytta høvet til å prioritera i dei delar av samlinga som skal vera i magasinet i framtida, og finna anna lager for det som ikkje høyrer til i museet si samling. Gjenstandane bør og pakkast for langsiktig bevaring. Dermed kan museet oppnå fleire vinstar i same prosess. Det er viktig at det opprettast gode rutinar for kontroll av skadedyr.

Når kammeret vert transportert til musea, må ein av våre konservatorar følgja med, av fleire årsaker. Først og fremst reknar me med at det trengs ei utprøving av om kammeret fungerer som det skal, både når det gjeld transport og lokal tilkopling til straum og vatn, men sjølvsagt også at det gir den klimamessige effekten det skal. Dette må gjerast i eit samarbeid mellom produsent og konservator. Vidare er det viktig at vår konservator er til stades og sikrar at gjenstandane som museet har plukka ut til å bli behandla i kammeret faktisk toler varmebehandlinga, og sørger for at gjenstandane vert plassert i kammeret på slik måte at dei ikkje får skadar.

Dette er eit ledd i å utvikle ei meir mobil rådgjevingsteneste innan samlingsforvaltning kor musea får hjelp til førebyggjande konservering, gode rutinar for kontroll med skadedyr, hjelp til utstilling av gjenstandar og betre lagring av gjenstandar lokalt.

Salhus, 18. august 2017

Torunn Kojan B